

## **Referat frå rådsmøte 11. mai 2010.**

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Olav Urbø, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Arne Vinje, Bjørn Nome.

Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann, Therese Hauger, Per Dehli, Ketil Kiland, Sverre Sæter og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling AS, Gunnar Wraa frå Telemark Lys AS, Halfdan Haugan og Olav Moen frå Seljord Personal AS, Åsmund Myrstad frå VI TO kompetanse AS, Gunnar Ruud frå Kviteseid Arbeidssamvirke AS, Gunbjørg Tveito frå Vinje Vekst AS, Frida Sviland og Rolf-Helge Grønås frå Telemark fylkeskommune, Sigrid Skålnes frå NIBR, Olav Veum frå VTNF, Tor Agnar Steffensen, hovudtillitsvald for Politiforbundet i Telemark, Robert Walter Lie, hovudtillitsvald for politiforbundet i Vest-Telemark, Bjørn Håvard Olsen, lensmann i Tokke, Dag Kjartan Bjerketvedt og Olav Risholt frå HiT, Bjart Schieldrop frå VTB.

Møteinnkallinga og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **Sak 31/2010 Referat frå møte 13. april 2010.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 13. april 2010 vart godkjent utan merknader.*

### **Sak 32/2010 Referat frå møte 28. april 2010.**

Solveig S. Abrahamsen hadde merknad til vedtaket i sak 29/2010. Det er uheldig å handsame ei løyvingssak på heile kr. 500.000,- i eit telefonmøte med kort innkallsfrist.

Dei 4 som tok del i møte var samde om å handsame saka, men såg på det som eit unntak og det er ikkje ynskjeleg å handsame slike saker på denne måten.

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 28. april 2010 vart godkjent.*

### **Sak 33/2010 Møte i Vest-Telemark Tinget 15. juni 2010**

Ein inviterar Tingmedlemene til KS Telemark og fylkesmannen i Telemark sin kommunekonferanse i Vrådal 14.-15. juni.

Organisering av Vest-Telemarkrådet som eit selskap etter kommunelova § 27 skal vera på plass til tinget sitt møte i desember.

*Vedtak: Framlegg til sakliste, årsmelding og årsrekneskap for 2009 samt rapport Arbeidsprogrammet pr. juni 2010 vart tilrådd vedteke.*

### **Sak 34/2010 Samordning av attføringstilbodet i Vest-Telemark, rapport.**

Åsmund Myrstad orienterte om arbeidsgruppa sitt arbeid og rapport, samt den prosessen ein har hatt etter at denne vart lagt fram for styra.

Styra for dei fem attføringsverksemdene handsama rapporten og 4 av styra fatta likelydande vedtak om samarbeid i trå med tilrådinga i rapporten med "felles fagadministrasjon". Styret i Seljord Personal as gjekk inn for fusjon av dei fem verksemdene. Styra sende deretter rapporten til ordførarane i eigarkommunane. Det vart etablert eit samarbeid mellom dei 4 selskapa og etter eit nytt vedtak i styret for Seljord Personal vart også dette selskapet med i samarbeidet gjennom ei felles forpliktande avtale dagsett 2. mai 2010.

Det er viktig at verksemdene no får arbeidsro til å realisere samarbeidet og det er ynskjeleg at verksemdene og Rådet kan stå saman ovanfor NAV slik at ein får til gode løysingar for brukarane i Vest-Telemark.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

### **Sak 35/2010 Strategisk næringsplan 2010 - 2013.**

Leiar av arbeidsgruppa for strategisk næringsplan, regionordførar Anne-Nora Oma Dahle orienterte om arbeidet med planen som vert lagt fram for rådet 2.juni og tinget 15.juni 2010. Rådet ynskjer at kommunane får oversendt planen snarast råd slik at dei kan få høve til å drøfte denne før råds-/tingmøte.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande*

### **Sak 36/2010 Ressurskrevjande brukarar**

Rådmann Sverre Sæter orienterte om saka med utgangspunkt i utsendt notat dagsett 03.05.2010.

Små kommunar med mange ressurskrevjande brukarar kjem dårlegare ut etter endringa av ordninga med refusjon frå staten.

*Vedtak: Med utgangspunkt i notatet sender Rådet eit brev til departementet som synleggjer dei økonomiske utfordringane for små kommunar.*

### **Sak 37/2010 Strukturendringar i domstolane.**

Torstein Tveito orienterte om saka og visa til organiseringa ein har fått til i Kviteseid. Frå hausten 2008 har Vest-Telemark tingrett flytt inn i nyinnreidde kontorlokale i kommunehuset i Kviteseid. Tingretten har fått felles resepsjon og enkelte andre fellesfunksjonar med Øvre Telemark jordskifterett i lokale som er godt tilpassa drifta i dei to domstolane. Han såg det som lite sannsynleg med ei endring alt no av ordninga frå 2008

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet inviterar Vest-Telemark Tingrett og Øvre Telemark jordskifterett til rådet for å gjere greie for situasjonen i samband med strukturendringar i domstolane.*

### **Sak 38/2010 Orienteringssaker**

- Vest-Telemarktreffet 29. april 2010. Eit vellukka arrangement på Smuget i Oslo. I ettertid og etter 3 arrangement bør ein vurdere målgruppa for arrangementet. Vidare er det viktig å innhente tibakemeldingar frå deltakarane.
- NTP prosessen. Fylkesrådmann Rolf-Helge Grønås orienterte.

NTP er ein kontinuerleg prosess som operasjonaliserast gjennom årlege budsjettvedtak.

Det er sett i gang ein prosess med ny plan 2014-2023

Det skal lagast regionale transportplanar. Tilhøva mellom desse planane er enno ikkje avklara, men NTP'en legg rammene for dei regionale planane. Dei regionale planane må forsterke NTP'en. Det er no ein gryande anerkjennelse av at fylkeskommunane har kompetanse på dette området.

Det vert etablert ulike kontaktforum som det er viktig å ta del i.

Kva er viktig for kommuneregionane i desse prosessane?

- Samhandlingsreforma, tilbakemelding.  
Ketil Kiland orienterte. Sissel Bitustøyl er tilsett og startar arbeidet 15.08.10.  
Styringsgruppa er rådmennane og direktøren ved ST.
- Ny avtale om krisesenteret i Telemark  
Kjell Gunnar Heggenes orienterte kort om denne.
- Ny strategiplan for idrett og friluftsliv 2011-2014, referansegruppe  
Regionsordføraren vert medlem av gruppa
- Landskonferansen for regionråd, Ofoten 23.-24. august 2010  
Påmelding og reise samordnast med Kjell Gunnar Heggenes.
- Rådsmøte 02.-03.06.10. Møte vert på ettermiddagen onsdag 2. medan ein berre pilgrimsvandrar den 3.
- Høyringsuttaler til planprogram for regional plan for nyskaping og næringsutvikling og regional plan for reiseliv.  
Kjell Gunnar Heggenes utarbeider framlegg til høyringsuttaler for desse planprogramma
- Slåttefestival i Hjartdal 12. juni.  
Aktuelt å stille lag i klasse for stuttljå.

### **Sak 39/2010 Ymse**

Ingen saker under dette punktet

### **Sak 40/2010 Evaluering av skjønnsmidlane**

Sigrid Skålnes, NIBR orientera om arbeidet som er sett i gang for å evaluere bruken av skjønnsmidlar. Møte vart nytta til å stille rådet ulike spørsmål knytt til bruken av midlane. Det er skjedd ei endring frå å nytte midlane til barnevern og entrepenørskap i skulen til IKT. Det har vore lite strid i rådet om bruken av midlane. Midlane er nytta der endringsbehovet i kommunane er størst. I Vest-Telemark har ein i tillegg til skjønnsmidlane også hatt midlar frå Fellesfondet til utviklingsoppgåver. Det er spesielle utfordringar til IKT utvikling i kommunane dei komande åra.

### **Sak 41/2010 Universitet i Telemark**

Rektor Dag Kjartan Bjerketvedt og Olav Risholt frå HiT orienterte om arbeidet med universitetssatsinga i Telemark.

Universitet i Telemark er naudsynt for å få ein kunnskapsrik og attraktiv region.

Ein er komen fram til at ein ikkje kan etablere eit universitet åleine, det må skje i samarbeid med andre. Dei mest aktuelle samarbeidspartnarane er Universitet i Agder og Oslofjordsamarbeidet.

Universitetssatsinga vil koste 220 mill over ein 8 års periode. Av dette kan HiT sjølve finansiere 130 mill medan 90 mill må finansierast eksternt.

Det er ynskjeleg med eit samarbeid med kommunane både knytt til det faglege innhaldet i satsinga og finansiering.

*Vedtak: Regionrådet tek orienteringa til vitande.*

### **Sak 42/2010 Organisering av politiet, drøfting**

Representantar for politiforbundet i Telemark og Vest-Telemark og lensmann i Tokke var tilstades og uttala seg om prosessen.

Ketil Kiland som er observatør for Rådet i arbeidsgruppa orienterte om arbeidet.

Arbeidsgruppa består av lensmann i Kviteseid. Ketil Kiland og Olav Veum er observatørar. Det ligg føre høyringsuttale frå VTNF og 5 av ordførarane i Vest-Telemark. Ketil Kiland er særst lite bekvem med rolla som observatør i arbeidsgruppa og det er viktig at ordførarane kjem sterkt og tydeleg på banen i saka.

Olav Veum frå VTNF ynskte å nyansere framstillinga noko og presiserte at arbeidsgruppa besto av lensmennene i Kviteseid, Seljord og Tokke som skal legge politifaglege omsyn til grunn. Næringslivet meiner ein må tilpasse seg eit endra kriminalitetsbilete og får eit moderne politi. Arbeidsgruppa ynskjer å etablere ein god modell for Vest-Telemark.

Den 3 juni legg arbeidsgruppa fram 7 ulike modellar for organisering som er politifagleg analysert. Denne analysen ynskjer kommunane å få på høyring.

Rådet ynskjer eit snarleg møte med arbeidsgruppa for å kome med innspel. Etter 3. juni vil det vera kommunane som er høyringsinstansar.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet har drøfta prosessen med organisering av politiet og ynskjer eit møte med arbeidsgruppa før dei legg fram rapporten sin.*

Referent. Haldor Kaasin